



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1247 - 23/58309

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
12.07.2023

Søknad om deling til uttale - gbnr 108/1 Lindås

Tiltak: Søknad om deling og dispensasjon
Byggjestad: Gbnr 108/1
Tiltakshavar: Opplysningsvesenets fond

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom på omlag 3075 m² frå gbnr 108/1. Tomta er areal rundt prestebustaden på Lindås. Opprettinga er ledd i deling av eigedom tilhøyrande Opplysningsvesenet fond mellom kyrkja og staten. Dette som følgje av stortingsvedtak etter opphøyr av Statskyrkja i 2017.

Gbnr 108/1 er registrert med eit areal på om lag 84 da i matrikkelen og hørde til prestegarden på Lindås.

Viser elles til søknad motteken 08.02.2023 og diverse tilleggsopplysningar seinast motteken 10.05.2023.

Planstatus

Arealet er uregulert og sett av til bustadformål i kommunedelplan for Lindås (KDP). I punkt 2.2 i KDP er det sett krav om at areal som er sett av til bygg- og anleggsformål skal inngå i reguleringsplan før det mellom anna vert gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom.

Ein liten del av arealet ser ut til å ligga innanfor reguleringsplan for Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad.

Området er omfatta av fleire omsynsoner; H810-Krav om felles planlegging, H570- Bevaring kulturmiljø (Den Trondhjemske postveg), H220- Gul støysone og Kp bestemmelseområde- Krav om felles planlegging.

Avkøyrslø

Det er søkt om endring av bruk av eksisterande avkøyrslø frå kommunal veg. Alver kommune ved avdeling for samferdsel, veg-, vatn- og avløpsforvaltning har i komme med uttale og sett krav til endra bruk. Løyve til endra bruk vert handsama av Plan- og byggesaksavdelinga.

Prestebustaden har 2 avkøyrslser. Avdelinga peikar på at tilkomstvegen frå Fv.5496 ikkje bør brukast. Dette ut frå omsyn til trafikktryggleik. Videre vert det sett krav om at det må tinglysast vegrett over gbnr 108/1 frå avkøyrslse kommunal veg og fram til ny grense for ny grunneigedom.

VURDERING

Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå krav om reguleringing.
Søklar sin argumentasjon for at det skal gjevast dispensasjon:

Lindås pg - Søknad om dispensasjon fra plankrav ved fradeling av Lindås prestebolig fra gnr 108 bnr 1

Etter opphør av Statskirken i 2017 bestemte Stortinget at de eiendommene som tilhører Opplysningsvesenets fond (Ovf) skal deles mellom Stat og Kirke. Delingen skal skje ved at all kirkegrunn (hovedsakelig kirker og gravplasser) skal overdras til det aktuelle sognet. Ca. 164 presteboliger (inkludert 5 bispeboliger og presesbolig) skal overføres til Den Norske Kirke (Dnk). Øvrig eiendom skal beholdes av Ovf (Stat).


Lindås prestebolig er en av presteboligene som er bestemt skal overføres til Dnk. For å gjennomføre dette må boligen først fradeles og få eget matrikelnummer. Presteboligen ligger på areal avsatt til bolig i kommuneplanens arealdel. I bestemmelsene til kommuneplanen er det i pkt 2.2 tatt inn at før det gis delingstillatelse skal arealet inngå i reguleringsplan. Videre ligger presteboligen innenfor et område hvor det av pkt 2.2.2. framkommer at området skal inngå i områderegulering før eventuell detaljregulering kan vedtas. Med dette søkes dipensasjon fra krav om områderegulering og krav om reguleringsplan.

Den omsøkte delingen vil ikke medføre ending i bruk av presteboligen, og medfører ingen ny bygningsmasse. Presteboligen har en lang historie og skal overføres til Dnk på grunn av sin store verdi som kulturminne. Det er ikke sannsynlig at det i en framtidig områderegulering eller reguleringsplan vil være ønskelig, eller bli tillatt, å regulere presteboligen til annet enn kirkelig bruk.

Eiendommens spesielle karakter, prestegård i offentlig eie, med et Stortingsvedtak som bakgrunn for dispensasjonssøknaden, gjør at det er usannsynlig at en dispensasjon vil danne presedens.

Sjå vedlagt dispensasjonssøknad journalført motteken 15.03.2023.


Kart



Figur 1 Situasjonsplan



Figur 2 Ortofoto 2020



Figur 3 Kommunedelplan for Lindås



Figur 4 Reg.plan Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad-2001

